

## **Referat. Styremøte i Vestnes sogelag. Januar 2022.**

Tid: 17.01.22, kl. 19. Utsett frå 10.01.22.

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Lars Sigmund Kleive, Morten Øveraas, Tordis Sivertsen, Tore Tomren

Fråverande: Eli Skavnes

### **1) Status økonomi**

Morten vidareformidlar frå rekneskapsførar John Øveraas.

- Resultatet for 2021 viste eit underskot på 13 438, 97 kr. Dette er om lag same resultatet som for 2020 – trass 9000 kr ekstra i utgifter for boktrykking (like mange bøker, men dyrare). Ein del av underskotet skuldast at 95 kontingentar var ubetalte ved årsskiftet. Tidlegare erfaringar gjev grunn til å tru at dei fleste uteståande kontingentane vil bli betalt i løpet av januar og februar.
- Medlemstal: 300. Talet har vore stabilt dei siste åra.
- Rekneskapsførar vil söke kulturmidelar frå Vestnes kommune i 2022. Dette vart også gjort sist år, og Sogelaget fekk då 15 000 kr utbetalt.

### **2) "Digitaliseringssaka"**

- Dei fleste av årsskrifta er no digitalt tilgjengelege via Nasjonalbibliotekets nettsider. Morten gjev gode, overtydande argument for at me også i framtida nyttar Nasjonalbiblioteket når det gjeld å digitalisere og gjøre tilgjengelege ymse skrifter knytt til Sogelaget.
- Me lyt vurdere om det er fleire skrifter som bør digitaliserast. Eit døme i så måte er *Andre verdkrig i Vestnes*.
- Me lyt sjekke ut følgande: Kva er status for bildearkivet som kommunen sjølv iverksette (v/ Steinar Vikås) for vel 20 år sia? Og kva er status for arkivet i samband med den moglege oppfølgjaren til *Folk før i ti'n*? Det er i alle høve lurt å kople kommunens bildearkiv til fylkets digitalarkiv (Interkommunalt arkiv i Ålesund).

### **3) "Bygdeboksaka"**

Morten har sendt e-post til Vestnes kommune (v/ Ingrid Skjegstad) med ønske om eit møte med alle relevante parter for å gjøre opp status for bygdebøkene i Vestnes.

### **4) Foredrag med Bjørn Austigard**

- Morten har gjort midlertidig avtale med Austigard den 3. februar og har tinga lokale i biblioteket.
- Bibliotek ordnar med påmeldingar.
- Annonsering i Vestnesavisa og via Facebook.
- Etter dagens reglar er det lov med inntil 200 frammøtte - forutsett bruk av munnbind.
- Grunna koronasituasjonen droppar me servering av mat og drikke.
- Morten skal høyre med Britt Skram om ho vil stå for eit musikalsk innslag.
- Fri inngang, men me vil oppfordre til å gje ei gåve via Vipps.
- Tordis føreslår å sel gamle Sogelagsbøker i samband med føredraget.

**5) Andre aktivitetar i vår/sommar**

Dette tek me stilling til på neste styremøte – når koronasituasjonen venteleg er meir avklara.

**6) Eventuelt**

Styret har behov for ein møtande vara. Tore føreslår den lokalhistorieinteresserte  
norsklektoren Jørn Inge Frostad. Morten skal sjekke om valnemnda aksepterer at styret sjølv  
peikar ut ein vara.

Vestnes, 17/1-22

Referent: Tore Tomren